


Nyno brukarliste

Ordlista i Nyno ligg fast og kan ikkje endrast. Men brukaren kan lage si eiga liste med nye ord. Nyno slår først opp i brukarlista. Derfor kan denne brukarlista også nyttast til å overstyre ord som ligg i hovudlista.

Du kan leggje til nye ord gjennom programmet *Nyno brukarliste*. Dette startar du under menyen *Innstillingar / Ordliste*. Du kan alternativt starte fila **Ordliste.exe** som ligg på Nyno-mappa. Du får opp denne boksen:



Her ser du alle orda som ligg på brukarlista, alfabetisk sortert. Du kan leggje til nye ord, endre ord eller slette ord. Du får også tilgang til ei samleliste over ukjende ord i tekstar du har brukt Nyno på, og som programmet ikkje har kunna omsetje. Slik kan du byggje opp ei brukarliste som er tilpassa ordtilfanget i tekstane dine.

Velje ordklasse

For at grammatikkmodulen i Nyno skal kunne kjenne igjen alle bøyingsformene av eit ord, må vi definere ordklasse og bøyingsklasse på nye ord.

Når det gjeld ordklasser, skil ein mellom opne og lukka klasser. Dei lukka har ei fast mengde ord. Eksempel er pronomen og preposisjon. Ord i desse klassene kan du ikkje endre i Nyno.

I dei opne klassene kan du både leggje til nye ord eller endre ord. Nyno har med desse opne klassene:

Substantiv

hankjønn
hokjønn
inkjekjønn

Verb

Adjektiv

Adverb

Interjeksjon (utropsord)

Dei to siste klassene er ubøygd.

Velje bøyingsklasse

For at grammatikkmodulen i Nyno skal kunne kjenne igjen alle bøyingsformene av eit ord, må vi definere ordklasse og bøyingsklasse på nye ord. Bøyingsklasse gjeld berre for substantiv, verb og adjektiv. Ein kan i tillegg definere eit ord som ubøygd. Det får då berre den eine forma ein tastar inn.

Du må velje bøyingsklasse for alle substantiv, verb og adjektiv. For at det skal vere lettare å fastsetje bøyingsklasse, har kvar klasse sitt mønsterord.

Av programtekniske årsaker kan klassene i programmet vere meir detaljerte enn i grammatikkane. Merk særleg verb, der e-verba er delte inn i 4 klasser.

Legg til nytt ord

Ordlista i Nyno liknar dei listene ein kan kjøpe i papirutgåve. Kvart ord i lista står med bokmål som oppslagsform, og eitt eller fleire nynorskord som avløysarord.

Orda står som regel med ubøygd form. Programmet bøyer oppslagsordet etter dei reglane som gjeld for den bøyingsklassa ordet tilhøyrer. Av det eine oppslagsordet *gutt* kan Nyno kjenne igjen ordformer som *gutten*, *gutter*, *guttene*, *guttens*, *gutters*, *guttenes*. Ofte vil programmet også kjenne igjen ordet når det er samansett med andre ord, når berre orddelane ligg i lista.

Når du vel *Nytt ord*, får du opp denne boksen:

Innlegging av ord går i 4 steg:

1. Skriv inn bokmålsordet i ubøyd form. Som regel vil vi at ordet skal få nynorske alternativ. Dette er standardinnstilling. Dersom du vel *Gi melding om manuell omskriving*, vil du få meldinga <OMSKRIV: ord> i Nyno, som er eit varsel om å skrive om setninga.
2. Etter å ha skrive inn bokmålsordet kan du klikke i ruta for *Nynorskord utan ending*. Ofte vil orda vere like på bokmål og nynorsk. Du får derfor automatisk ein kopi av bokmålsordet i nynorskruta. Dette kan du naturlegvis endre.
3. Det neste steget er å velje ordklasse. Klikk på pila til høgre og du ser aktuelle ordklasser.
4. Til slutt må du velje mønsterord. Ordet du legg inn blir bøyd likt mønsterordet. Lista over aktuelle mønsterord varierer med ordklassa. Du treng berre velje mønsterord for ordklassene substantiv, adjektiv og verb.

Dersom du ønskjer at ordet skal bli vist i Nyno med alternative avløyserord, legg du desse til på dei neste linjene i tabellen. Du kan i alt ha ni alternative nynorske avløyserord til eitt bokmålsord.

Gå ut av boksen med *OK* for å lagre, eller *OK / Ny* for å lagre og leggje inn neste ord.

Merk! Dersom ordet du legg inn ligg i hovudlista frå før, får du opp ei melding med spørsmål om du vil endre ordet. Endringar du gjer her vil overstyre det som ligg i hovudlista.

Liste over ukjende ord

Alle ord som ikkje ligg i ordlista i Nyno, blir samla på ei særskild ukjendliste (FINSIKKE.LST). Med knappen *Ukjende ord* kan du hente fram denne lista.



Kryss av i ruta framfor det ordet eller dei orda du vil leggje inn i brukarlista og vel så *Legg til ord*. Vidare følgjer du den same prosedyren som når du legg inn nytt ord. Programmet hoppar automatisk vidare til neste ord som er avkryssa etter kvart som du godkjenner dei nye. Hugs å svare *Ja* på spørsmålet ”Vil du lagre endringane i lista?” når du avsluttar. Orda du har lagt inn blir då automatisk sletta frå ukjendlista.

Av og til blir det liggjande ord på ukjendlista som er feilstava på bokmål. Det er grunnen til at Nyno ikkje kjenner dei att. Du kan rydde desse orda bort frå lista gjennom å krysse av for orda og bruke knappen *Fjern ord*.

Dersom du skal arbeide med alle orda i lista, anten leggje dei til eller fjerne dei, kan du bruke knappen *Merk alle*.

Endre ord

Ord i brukarlista kan når om helst endrast. Når boksen med oversikt over orda står opp, kan du peike på ordet og trykkje på knappen for *Endre ord*. Du får opp same boksen som når du legg inn nytt ord. Her kan du gjere dei endringane som er nødvendig.

Merk! Dersom du vil endre eit ord som ligg i hovudlista frå før, men ikkje i brukarlista, må du velje *Nytt ord* og skrive inn ordet. Du får då opp ei melding med spørsmål om du vil endre ordet. Endringar du gjer her vil overstyre det som ligg i hovudlista.

Slette ord

Ein kan også slette ord frå lista.. Peik på ordet og trykk på knappen for *Fjern ord*. Du får opp eit kontrollspørsmål: ”Vil du fjerne ordet frå lista?” Svar *Ja* og ordet blir borte.